



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 15.12.2022
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 15:00 - 23:10

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Hardy Pedersen	AP
Lise Renate Helle	SP
Marita Terese Bru	BIA
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Renee Hansen Semmingsen	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Kim André Vangberg, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

Austrheim 20. desember 2022

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
088/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
089/22	Godkjenning av møteprotokoll
090/22	Meldingar
091/22	Orienteringssak
092/22	Gratis 12-timers SFO for elevar på 1. trinn
093/22	Budsjettframlegg 2023 og økonomiplan for 2023 til 2026
094/22	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
095/22	Høyringssvar selskapsorganisering av NGIR
096/22	Rangering av søknadar om tilskot til inkludering av barn og unge 2023
097/22	Busetting av flyktningar 2023
098/22	Førebels rekneskap for 2022 basert på rekneskap for november månad
099/22	Permisjon frå kommunestyret ut valperioden - Marita Bru (Bygdelista)
100/22	Uttale om U864
101/22	Interpellasjon frå Bygdelista

088/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 088/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

089/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 089/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

090/22: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Reidar Øksnes (Sp) viste til meldingar for saker der det er høyringsfristar, og spurte korleis høyringssvar for desse vert handsama.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at svara høyringsfristen for «Regional plan for fornybar energi» er 20. februar 2023, slik at det er mogleg å ta dette i det første kommunestyremøtet i 2023. Når det gjeld høyring av «Evaluering av statsforvalterenes geografiske inndeling», så er fristen her 15. februar, som er før det 1. kommunestyremøtet i 2023 (som er torsdag 16. februar).

Kommunedirektøren la til om melding om elevar frå Åsheim-krinsen at denne saka kjem tilbake etter handsaming i Alver, men Fjellhaug legg opp til at Åsheim-elevane skal få gå på Kaland skule.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det gjerne ikkje er like aktuelt å komma med høyringsuttale til den geografiske inndelinga for statsforvaltar, og høyringa om fornybar energi er det altså mogleg å rekka dette i 1. møte i kommunestyret i 2023. For sistnemnde høyring støtta ordføraren Reidar Øksnes (SP) i at kommunen bør gje uttale, og gjerne involvera ungdomsrådet, sidan dette med fornybar energi er eit fagfelt som vil engasjera dei.

Kommunestyret tok meldingane til vitande, og det skal lagast høyringsuttale på saka «Regional plan for fornybar energi».

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - 090/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

091/22: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Ungdomsrådet fekk plass i starten av møtet for å orientera om kva dei jobbar med.

Leiar ungdomsrådet Sunniva Vallestad Årås, og nestleiar Simen Fonnes, orienterte.

- Rådet har medlemmer frå ungdomsskulen og Austrheim vidaregåande.
- Ungdomsrådet jobbar for at ungdommane skal ha det best mogleg.
- Ungdomsrådet skal vera aktive og synlege.
- Jobbar for betre kollektivtransport i kommunen.
- Jobbar med UKM, for å få ungdommar i kommunen med, anten det er musikk, dans, teikning eller anna.
- Ungdomsrådet brukar i år av sine midlar til julegåveaksjonen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ungdomsrådet er velkomne til å komma til kommunestyret og leggja fram saker dersom dei ønskjer det. Kommunestyret ønskjer å bidra til gode oppvekstvilkår i Austrheim.

Sissel Mary Frotjold, tenesteleiar for Alver barnevern, orienterte om barnevernet. Presentasjonen hennar frå møtet ligg ved møteboka, det gjer også ein felles tilstandsrapport for Alver, Austrheim og Fedje barnevern. Når det gjeld økonomiske tal for Austrheim kommune så får administrasjonen rapportar med tal delt opp for kommunane Austrheim og Fedje. Ordførar Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa.

- Lerøy viste til at samarbeidet med nabokommunen om barnevern kom i gang etter påtrykk frå Fylkesmannen.
- Tilbodet har blitt betre, har tru på den jobben dei gjer.
- Kommunedirektøren og ordførar har blitt besøkt av personar som ønskjer sterkare involvering av familiar, mellom anna at besteforeldre kan vera omsorgspersonar.
- Glad for å høyra at familiar skal involverast, og har tillit til at det er kompetansen som ligg til grunn i saker der ein ikkje involverer familien tettare i dette arbeidet.
- Lerøy sa at det er uakseptabelt med hets, Barnevernet kan få kritikk, men hets det skal me ikkje ha. Nettrull skal me ikkje akseptera, det skal me stå opp i mot.

Reidar Øksnes (Sp) sa at manglande barnevern og sviktande omsorg gjev store problem for mange seinare. Barnevern er ei investering både i det menneskelege og i det økonomiske. Manglande eller sviktande omsorg kan få store konsekvensar inn i framtida. Øksnes spurte om korleis ein jobbar for å unngå at desse utfordringane går vidare til neste generasjon.

Sissel M. Frotjold svara Øksnes at ein ser at når foreldre er utsette for overgrep eller vald, så kan dette gå vidare til neste generasjon. Desse er ikkje andre verkemiddel, det er dette dei lærte i eigen barndom. Slike ting kan vera vanskeleg å reparere, så det er viktig å komma inn med hjelp tidleg.

Sissel M. Frotjold takka for støtta til barnevernet, og la til at det ikkje er sikkert at ein gjer alt rett, alle har noko å gjera betre.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte Frotjold om:

- Meldingar, kvifor har det gått opp i Alver?
- Kva er det Austrheim bør styrka for å hjelpa barnevernet her, kanskje miljøarbeidarar tidlegare inn i skulen?

Sissel M. Frotjold svara Brekke:

- Auken i meldingar kan komma at ein lærer opp om kva og korleis ein skal melde, og at ein driv rettleiing der ein kan ringa barnevernet og få råd om meldingar. Ikkje oppteken av å få mange meldingar, men meldingar med god kvalitet. Presiserte at det kan vera fleire meldingar per barn.
- Om ressursar til førebygging sa Frotjold at miljøarbeidar og helsesjukepleiar er utruleg viktige førebyggjande tiltak. Det er lange ventelister på familierettleiing i eiga teneste. Håpar at ein skal få opp ei avdeling som kan jobba førebyggjande. Ser at ein må inn tidleg, heilt ned i barnehage.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ønskte barnevernet lukke til i det vidare arbeid, og sa at kommunestyret har sagt at oppvekst er den viktigaste sektoren. Lerøy sa vidare at det er viktig å hindra at unge kjem dårleg ut, og la til at han håpar barnevernet held fram arbeidet og slepp hetsen.

Fagansvarleg i Nav Fensfjorden, Knut T. Horvei, orienterte om Nav si verksemd i Austrheim, særleg med tanke på sosialhjelp og barnefattigdom. Sjå elles presentasjonen, som ligg ved møteboka.

Status for Nav Fensfjorden, som dekkar Austrheim, Masfjorden, Gulen, Fedje og Modalen:

- I Austrheim vil det enda på rundt 4,4 millionar kroner i sosialhjelp ved årets slutt.
- Brukarar: 79
- Av desse: 23 barn
- Tal ungdommar: 22

Kva skuldast auken i sosialhjelp:

- Flyktningar frå Ukraina, og ein aukande ungdomsportefølje er dei viktigaste årsakene.
- Fleire drop-outs frå AVS.
- Auke levekostnader med vekt på straumpisar og andre generelle utgifter
- Etter føringar frå sentralt hald heldt ein barnetrygda utanfor ved berekning av inntekt, det vart endra frå september 2022. Dette gjer at utgiftene til sosialhjelp går opp, både gjennom

større utbetalinger og ved at nye brukarar no kjem under inntektsgrensa og kan kvalifisera for sosialhjelp.

- Det har vore ei innskjerping på Nav-tiltak, det har ført til at dei som har gått på tiltak treng auka sosialhjelp. Når Nav i Nordhordland har skjerpa tilgangen på tiltaksplassar får det fleire over i sosialhjelp.

Kva gjer Nav Fensfjorden, ulike tiltak:

- #jobbmot - <https://www.nav.no/no/lokalt/vestland/satsinger-og-aktiviteter/jobbmot>
- Ansvarlig Ungdom, eit prosjekt der ein jobbar førebyggjande og gjev hjelp til ungdommane med opplæring i personleg økonomi <https://www.austrheim.kommune.no/aktuelt/nyheiter/nav-fensfjorden-med-okonomiopplaring-til-ungdommen/>
- Satsar på kvalifiseringsprogrammet KVP, det kan vera alt frå helsehjelp, psykolog, livsmeistring til økonomisk rådgjeving. Har hatt ein auke i deltakarar frå Austrheim, og trur på fleire deltakarar. Brukarane som er med i programmet får ei løn for det arbeidet dei gjer, kostar litt no men vil lønna seg på litt sikt.

Flyktningar:

- Nav si rolle er å betala ut sosialhjelp medan dei ventar på plass på introduksjonsprogrammet.
- Betalar ut til kronekort (kontantkort) som vert brukte.
- Ser at det er kostnader, også for ein del av dei som er inne i introduksjonsprogrammet vil dei trenga supplerande sosialhjelp undervegs.
- Deltar på samarbeidsmøte i regi av kommunen, der alle instansar som jobbar med flyktningar er samla.
- Presiserte at det er kommunen som har ansvaret for introduksjonsprogrammet, men Nav kan kopla seg på mot slutten og hjelpa med jobb. Kommunen har ansvar for å skaffa plass på språkpraksis med meir.
- Karriere Vest, fylkeskommunalt tilbod , samarbeider med kommunen om introduksjonsprogram <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/karriere-vestland/>

Barn og familie:

- Barnetrygd vert no ikkje teke med ved utrekning av sosialhjelp. Men kan ikkje garantera at desse pengane kjem barna til gode, men tanken er å styrka barnefamiliar og ha borna i fokus.
- Sjølv om ein tidlegare har rekna barnetrygd som inntekt så har det vore gode ordningar som skal sikra deltaking på ferie og anna for å hindra utanforskap.

Ordførar Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa, og spurte om:

- Kva er stoda for fattigdom i Austrheim, er det mange som ikkje vil ta kontakt med Nav?
- Det er diskutert politisk om ein skal gje noko ekstra til barn i fattige familiar, bruka 500 i månaden per barn for å sikra barn, det vil kosta rundt 150.000 om ein skal starta i desember 2022 og deretter lova det for heile 2023.

Knut T. Horvei svara Lerøy:

- Når det gjeld kontakt er det meir digitalt no sidan Nav ikkje har fast kontor i Austrheim, men reiser frå Hosteland til Mastrevik om brukarane vil ha møte.
- Eigen vakttelefon for Nav Sosial, slepp å ringa via kontaktsenteret.
- Opplever at det er bra tilgjenge for brukarane.
- Det som er vanskeleg er å komma i kontakt med heimebuande ungdom, der har Nav ein jobb å gjera med å komma ut til dei.
- Om støtte til barn på 500 kroner månaden sa Horvei at det bør vera likt i alle fem kommunane. Må ta det opp med vertskommune Masfjorden og dei andre kommunane, slik at det ikkje er ulikt. Har i dag like vedtekter felles for alle fem kommunane.
- Barnefattigdom har Nav fokus på, har auka satsane for juletilskot, gav ekstra juletilskot frå og med 2021, gjev til fleire og med høgare sats.
- Er ei utfordring at når barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt, så vert gapet høgare til det å klara seg på eiga inntekt, med tanke på ein motivasjon i det å komma ut i arbeid og forsørgja seg sjølv.

- Har ordningar som skal sikra at barn ikkje vert skadelidande av foreldra sin økonomi, skal ikkje trenga å løyva ekstra til barnefamiliar.
- Nav skal sjå det enkelte barnet og familien, og skapa ein situasjon der ein kan komma ut i jobb og får betre livskvalitet av det.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) spurte om kva som er innhaldet i introduksjonsprogrammet.

- Horvei svara at i grove trekk handlar det om norskopplæring, språk og kultur. Ansvar for gjennomføring av introduksjonsprogrammet ligg hjå kommunen, her der det lagt til Årås skule.

Monika Thorpe (Ap) spurte om ungdommar som fell utanom skulen, og dei som har tatt ei utdanning dei kjenner er feil. Viktig at Nav er tilstades for desse, kvar er Nav synleg for desse ungdommane.

- Horvei svara at Nav har karriere-rettleiar, og som eit som lite kontor kan ein jobba tett saman på tvers av oppgåver elles. Er tett på helsesjukepleiar og andre, og skal klara å fanga opp ungdommar, men jobbar for å bli betre.

Reidar Ulvøy (Ap) oppmoda til å få på plass eit kvalifiseringsprogram for ungdommar, for å få dei ut i sommarjobb. Må starta no, med tanke på sommaren 2023.

- Dette ville Horvei ta med vidare til andre tiltak frå Nav. Nav ønskjer å jobba for å få unge ut av heimen og inn i sommarjobbtiltak.

Per Lerøy sa at det er beroligande det ein får fortalt, får inntrykk av at Nav Fensfjorden er velfungerande og har eit godt tilbud. Om sommarjobb sa Lerøy at ein må følgja betre med frå kommunen, Nav Fensfjorden var på tilbudssida i fjor men kommunen var ikkje godt nok på.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet med forskrift om fyrverkeri:

- Rekk ikkje vera klare til 31/12, for forskrifta må ut på høyring i seks veker.
- Tek utgangspunkt i eksisterande lovverk, og presiserer dette.
- Fyrverkeri klasse 2 og tre berre etter klokka 18.00 på nyttårsaftan.
- Få det inn i meir ordna former, unngå skader og brannar, slik ein diverre hadde i fjor i Austrheim.
- Vil komma tilbake med eiga forskrift til kommunestyremøtet i februar. Dette vil gje brannvernet eit lovverk i ryggen for å gje pålegg.
- Fekk støtte frå kommunestyret til at ordførar og kommunedirektør lagar ei helsing til innbyggjarane, der ein ber innbyggjarane om å halda fristen mellom 18.00 og 02.00 nyttårsaftan, og elles unngå tettbygde strok, skog med meir. Ei presisering av dei reglane som gjeld.

Orientering om legeteneste, ved kommunalsjef helse og omsorg Kim Andre Vangberg, der han svara mellom anna om ventetid på telefon og legetime:

- I dag er det fem legar på fire heimlar, der to deler det eine stillinga.
- Eine legen har full liste, dei andre har ledige plassar, dei som byrja sist har flest ledige.
- Innbyggjarane kjem til ved lege, men om dei skal ha time raskt er det hjå dei nyttilsette og ikkje ved sin eigen lege.
- Akutte ting får alltid time.
- Har fått tilbakemelding om at det er ventetid på telefon, betener den med 1-2 personar heile vegen. Opplever ulik grad av pågang med mange som ringer måndag og torsdag, og brukar fleire på jobb i telefon desse dagane.
- Har hatt litt tekniske problem med telefonen enkelte veker, utan at ein har komme til botn i kva det var.
- Jobbar med meir digitalisering, mellom anna også få timebøkene tilgjengelege på nett.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er bra om det vert mindre telefonkø, og takka for orienteringa.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om flyktningssituasjonen:

- Status per no er at det er busett til saman 17 flyktningar frå Ukraina.
- Har teke i mot 26, men ikkje alle har komme enno.
- Er ein del arbeid med å skaffa eigna bustad, får dei siste inn no i midten av januar.
- Kommunestyret har sagt 25 flyktningar frå Ukraina i 2022, men med dei familieane som var aktuelle no så vart det 26 i alt.

- Er i gang med introduksjonsprogrammet relativt raskt.
- Har bemanna opp noko til vaksenopplæring, ligg under Årås skule.
- Ser at det er utfordringar med å finna arbeidspraksis, oppfordrar i eigne tenester til å ta i mot flyktningar i språkpraksis. Er viktig for å bli integrerte og utvikla språket.
- Dei som har komme no, har valt introduksjonsprogrammet, men må ikkje ta det, kan gå rett i arbeid også.

Monika Thorpe (Ap):

- Flott at kommunen er ansvarst bevisst og tek i mot flyktningar.
- Kva bustader er me på jakt etter, og kva type familiar er det me er på jakt etter bustad til?
- Viste til ønsket som har vore ut med fadderfamiliar, korleis går dette arbeidet?

Trine M. Jansen svara Thorpe:

- Det kom først vaksne par, først no det har komme barn.
- Har ikkje passa heilt frå starten med bustader, har hatt for store bustader til dei som har komme.
- Har måtta senda vidare enkelte einslege, for det har ikkje vore tilgang til mindre bustader med eitt eller to soverom.
- Når Austrheim kjem opp i 26 motteke er det meir variasjonen frå einslege til små og større familiar.
- Bustader vert vurderte ut frå standard, plassering tett på kollektivtrafikk etc. Dette med bustader er det elles Service og Forvaltning som har ansvar for.
- Imdi ønskjer at alle kommunane skal ta i mot fleire, raskare.
- Austrheim har kapasitet i barnehage, skule og vaksenopplæring.
- Har fått fadderfamiliar til ein del, det fungerer veldig bra, usikker på om ein har fått fadderfamiliar til dei som kom sist.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om status for ulike prosjekt:

- Pumpestasjon på Leikvoll manglar berre straum, men kan uansett ikkje kjørast før pumpestasjonen i Åråsvågen er ferdig.
- Har starta på pumpestasjonen i Åråsvågen. Her er det litt utfordringar opp mot hovudvassleidningen, så ein tar sprenging for hovudvassleidning no for å unngå å gjera skade om dette skal gjerast i etterkant. Treng også desse massane frå hovudvassleidning og gangveg til å fundamentera den nye pumpestasjonen i Åråsvågen.
- Prosjektet med gangveg ved Nordliheimen har vore litt tyngre å komma i gang ved, på grunn av strenge krav til prosjektering frå vegeigar Vestland Fylkeskommune. Dette ligg no til godkjenning hjå fylkeskommunen.
- Årås skule, der er ringmuren støypt og klar til bygging. Startar reisverket over nyttår. Litt etter planlagt, men skal klara seg innanfor den tidsramma som er sett.
- Kaland skule, der er Kaland 3 reinska ut, er i ferd med å bygga opp igjen det som skal vera der med også nye løfteplattformer. I eit gammalt bygg som dette må ein rekna med overraskingar, jobbar for å løysa dette etter kvart. Det er innhogg i den reserven som var sett av i prosjektet. Må sjå om ein kan utsetta noko til seinare i prosjektet, og evt. ta det inn igjen mot slutten om det er plass økonomisk.
- Kaland 1, er i ferd med å plukka ut, nyare vindaug skal takast ut og leggest for sal, bruka om igjen det som er mogleg å ha gjenbruk på. Høgre krav til gjenbruk i prosjektet, og til entreprenørane.
- Ser at det er ein del utfordringar i prosjektet på Kaland, noko var forventet men også noko som ikkje var forventet.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at politikarane tidleg i prosjektet får beskjed om utfordringar og dei kostnader det fører med seg. Her svara Myrmel at ein er innanfor dei økonomiske rammene, og at det kan vera uheldig med tanke på samtalar med entreprenørane om ein går ut med all informasjonen. Må sjå nøye på kva detaljnivå ein skal gå på, men skal rapportera til formannskapet på økonomien.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Om legevaktsamarbeidet i Nordhordland, der Alver kommune har sagt opp

vertskommuneavtalen. Denne er no forlenga slik at den gjeld til ny er vedteken. Ny avtale kjem til handsaming i Austrheim når Alver er klar med denne, kjem opp 15. februar 2023 på det første kommunestyret i 2023. Vil tre i kraft når alle kommunane har vedteke denne.

- Kommuneoverlege Peter Kubon er ferdig i permisjon og er tilbake i kommunen. Frå 1. januar 2023 vil han gå over i halv stilling, og jobba som kommunelege med ansvar for det overordna.
- Investeringar i inventar: 1.-10. trinn ved Årås får nye pultar og stolar i år. Innkjøp av møblar i samband med skuleprosjekta elles må dekkast som del av prosjekta, eller ta det inn som justering av tertialbudsjett for 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

KS - 091/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Orienteringane vart teke til vitande.

092/22: Gratis 12-timers SFO for elevar på 1. trinn

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek å revidere gjeldande vedtekter for SFO, ved å føye til eit avsnitt som gjeld gratis 12 timars SFO for elevar på 1. trinn. Dei nye satsane vil gjelde frå 01.01.23.

05.12.2022 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef kultur og oppvekst Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Det er kommunen som definerer kva som er kjernetid og som skal vera gratis
- Legg opp til å dela dette på fem vekedagar, etter vanleg skuletid.
- På spørsmål frå Inger lise Brekke svara Jansen at gratis SFO vil kosta kommunen rundt ein million kroner i året.
- Det var spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) og Helge Dyrkolbotn (H) om justering av SFO-satsane, her viste kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug til at satsane ikkje var justerte i fjor. Kommunalsjef Jansen viste til at SFO ikkje er sjølvfinansierende i dag, utgiftene er høgare enn inntektene frå eigendelen.
- Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om gratis SFO for andreklassingar frå hausten 2023, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det kjem inn eit punkt om at dette vil komma.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 119/22 - 05.12.2022 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek å revidere gjeldande vedtekter for SFO, ved å føye til eit avsnitt som gjeld gratis 12 timars SFO for elevar på 1. trinn. Dei nye satsane vil gjelde frå 01.01.23.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Thorpe (Ap) spurte om kostnadene til gratis 12-timers SFO for elevar på 1. trinn, og om det er skulane som må dekkja dei reduserte inntektene når det blir innført gratis SFO.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at gratis SFO for 1. klasse skal dekkast innanfor ramma for oppvekst, medan gratis SFO for 2. klasse ikkje er tatt høgde for enno. Auka inntekt frå statlege overføringar utgjer 350.000 kroner, medan kostnaden er rekna til rundt 1 million. Kommunedirektøren skal sjå på dette i samband med revidert budsjett, for å ta høgde for at 2. klasse skal ha tilbodet frå hausten 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 092/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek å revidere gjeldande vedtekter for SFO, ved å føye til eit avsnitt som gjeld gratis 12 timars SFO for elevar på 1. trinn. Dei nye satsane vil gjelde frå 01.01.23.

093/22: Budsjettframlegg 2023 og økonomiplan for 2023 til 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Investeringsbudsjettet for 2023 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 12 millionar kroner i lån i 2023.
3. Det vart teke opp 18,2 millionar kroner i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar som (ROP-bustader, digitalisering, elbilar/elbil-ladarar, skuleutbygging og nytt Helse- og omsorgstun).
4. Midlar som var avsett til omsorgsbustader på Kaland i førre økonomiplanperiode vert omdisponert slik at desse midlane vert nytta til finansiering av ROP-bustader.
5. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjær.
 - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
 - e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
 - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

7. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
8. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på eigdommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.
9. Det vert gjeve ei ramme på kr 868 000,- til kontrollutvalet.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på kr 3 470 000,-
11. Det vert sett av 100 000,- kroner til dekking av Austrheim sokn sine kostnader med kremasjon av døde med heimeadresse i Austrheim.
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2023. Stortinget sin lønsskommissjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
15. Frå 01.01 2023 vil Austrheim kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr (vatn og kloakk)

Kundene skal kunne velgje mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
 - Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
 - Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
 - Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år
16. «Gebyr- og betalingssatsar 2023» vert vedtekne slik dei ligg føre.
 17. Det vert oppretta tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar sine bygg på kr 100 000,- Det vert utarbeidd egne retningslinjer for tildeling. Finansiering gjennom auka skatteanslag.

18. Landbruksfagrådet får tildelt kr 100 000,-. Finsansiering gjennom auka skatteanslag. Det skal også i 2023 utarbeidast nye retningslinjer og mandat for landbruksfagsrådet. Saka skal leggjast fram før ny kommunestyreperiode.
19. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå eldreråd og administrasjonen til å sjå nærare på:
 1. Tilpassing av bustader for eldre, det kan vera tilskot til tilrettelegging, råd om korleis ein kan få rimelege lån i Husbanken, og anna rådgjeving.
 2. Tilrettelegging av det sosiale ved å bu heime, med tilbod om å treffa andre slik at ein unngår einsemd.
20. Kommunedirektøren tek øvrige høyringsinnspel med i det vidare arbeidet med handlings- og økonomiplanperioden 2023-2026.

Budsjett 2023

Bygdelista i Austrheim sine prioriteringar:

1. Kr. 500 000 til opprusting av dagens arbeidssenter.
 2. Kr. 500 000 til opprusting av turstiar med prioritert Hoplandsmarka og Øksnesmarka.
 3. Reinhold på Nordliheimen skal framleis liggja under Nordliheimen sitt budsjett.
 4. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett.
 5. 100% miljørettlearstilling, med krav om minimum bachelorgrad i grunnskulen.
- Inndekking: Kr. 5,2 millionar frå Havbruksfondet.

1. Austrheim Senterparti ynskjer at kaiar med køyreforbod vert skilta.
2. Det vert oppretta eit næringsfond der næringsdrivande i kommunen kan søkja om midlar.
3. Talet på stillingsheimlar i Kystbarnehagen vert oppretthalde slik som det er i dag.
4. Vedtak om makstemperatur på 20 grader i kommunale bygg vert endra til minimum 20 grader.

Dekning for framlegga vert henta frå Havbruksfondet/auka ramme for skatteinngang.

5. Det vert arbeida med ei pendlarrute Austrheim - Sløvåg/Skipavik. På denne måten kan ein arbiede i Gulen/Masfjorden og bu i Austrheim.

Felles budsjettforslag frå dei politiske partia i Austrheim.

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-.
2. Vegar: Opprusting av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-.
3. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. Kr: 200 000,-.
4. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-.

5. Ny flytebryggje i Årvika i samarbeid med Fønnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-.
6. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-.
7. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.

Drift

1. Sosialstønad til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember 2022 og ut 2023.
2. Den årlege driftstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,-.
3. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-syklistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil. Kr: 25.000,-.
4. Grus på bureisingsvegen under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet i tråd med søknad. Kr: 30.000,-.

Verbalpunkt

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Tilsetting av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.
3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Den ferdigregulerte bustadtomt i Kalandsfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueningar).
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?
9. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsle eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.
10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.
11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.
12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.
13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for

fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.

14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablere ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
16. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablere sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjord. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond
21. Bemanning Kystbarnehagen
22. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
23. Det vert jobba med å etablere ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika

Tilleggspunkt vedtekne av kommunestyret:

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
2. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
3. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Ervikane. Kr: 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
4. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. netto kr: 200 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
5. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
6. Ny flytebryggje i Årvika i samarbeid med Fønnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
7. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
8. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.

Drift

1. Den årlege driftsstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,- (årleg) - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023.
2. Sosialstønaden til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember i 2022 og ut 2023. - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023, eventuelt i ei anna form.

Verbalpunkt (blir lagt til i handlingsdelen av budsjettet)

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helse. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelse i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Tilsetting av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.
3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebyggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebyggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Den ferdigregulerte bustadtomba i Kalandsfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueiningar).
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset, i 2023. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?
9. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.
10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.
11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.
12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.
13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.
14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablere ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
16. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablere sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjorden. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond

21. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
22. Det vert jobba med å etablere ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika.
23. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett.

05.12.2022 FORMANNSKAPET

Budsjettinnspel for 2023 frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre foreslått av: Per Lerøy

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Det må setjast av 1,5 millionar kroner på investeringsbudsjettet til bygging av naust i Baløy og etablering av asfalterte og oppmerka parkeringsplassar. Bygglina ved AVS skal byggja sjølve naustet. Prosjektet skal vera sjølvfinansierande og inntektene skal koma frå utleige av naust til Bergen og Hordaland Turlag og parkeringsavgift frå dei om lag 40 båt plassane i båthamna.
3. Det må setjast av pengar til oppgradering og asfaltering av kommunale vegar. Pengane kan gjerne koma frå mindreforbruket i inneverande år (2022). Dette kan gjerast ved at det budsjetterte mindreforbruket på 7,4 millionar kroner vert sett av på disposisjonsfondet, mens det overskytande mindreforbruket vert nytta til vedlikehald og opprusting av vegar. Vegar som må prioriterast er Bergsvik med nye stikkgrøfter og asfalt, vegen ned til Ervik kai med ny asfalt og vegen til Njøta og Langøy der det er trong for diverse reparasjonar av asfalten.
4. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Kunsthuset vert seld til AKE AS for kroner null mot at dei fjernar brakkedelen og ryddar tomten med det same dei overtek eigedommen. AKE AS driv så Kunsthuset vidare utan store kostnader i inntil to år før dei nytta tomten til eit leilegheitsbygg med små gjennomgangsleilegheiter for kommunalt tilsette. Reguleringsplanen må justerast slik at eit leilegheitsbygg kan realiserast på tomten. Dersom det er trong for det, bør AKE realisera fleire byggeprosjekt i områder der kommunen manglar bustadar.
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Den ferdigregulerte tomten i Kalandsfeltet skal seljast i 2023.
9. Den årlege driftsstøtta til Furuli er sagt opp. Dette vil medføra ein auke i husleiga på om lag kr 1200 per måned. Når avgifta på vatn og avlaup også vil stiga kraftig i 2023 og 2024, truleg med kr 210 per måned i 2023 og ein tilsvarande sum i 2024, må kommunen inngå ein ny avtale om kommunal driftsstøtta til Furuli for dei to neste åra på same nivå som tidlegare år.
10. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er

menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling.

11. Husbanken har tilskot for utskifting av vindauge i offentlege bygg for å spara energi. Kommunen må sjekka om slike ordningar kan nyttast til å få fjerna trekkproblema på delar av Nordliheimen. Viss svaret er ja, må det setjast av budsjettmidlar for å dekkja den kommunale eigendelen. Arbeidet med glasskiftinga kan kommunen sine egne fagfolk gjera.
12. Golvbelegget i gangane på Nordliheimen må skiftast for å redusera belastninga dei tilsette har som følge av mykje gåing på eit hardt og nedslite golvbelegg.
13. Flytebryggje i Årvika. Kr. 150.000,- med samarbeidsavtale om ettersyn med Fønnes bygdelag.
14. Toalett av same standard som ved dagsturhytta ved badeplassen på Solesjøen. Samarbeid med Solend og Førland Vel og Bergen og Omland Friluftsråd. Kr. 200.000,.
15. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Norled AS.
16. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde.
17. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside. Kr 300.000,-. Må koplust mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
18. Det må setjast av midlar til maling av bygg. Dette gjeld Kystbarnehagen, delar av Nordliheimen (her kan vask vera eit tilstrekkeleg tiltak på delar av bygget), venteskuret på Mastrevik kai og brannstasjonen på Mastrevik og Kaland. Deler av dette arbeidet bør kunna gjerast av ungdommar som får sommarjobbar i kommunen. Her må ein samarbeida med NAV Fensfjorden. Desse sommarvikarane kan også gjera andre førefallande arbeidsoppgåver som rydding og luking rundt kommunale bygg og liknande.
19. Riving av og avvikling av Austrheim Rockeverkstad.
20. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
21. Fjerning av motocrossbane ved idrettshallen og etablering av BMX-bane i same området, når ny motocrossbane er etablert. Her må idrettslag og motocrossklubb involverast.
22. Lage ein plan for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark. (Sjå e-post frå Sunniva Ytre-Hauge; sunniva_yh@hotmail.com).
23. Etablering av røykjeskur for pasientane på Nordliheimen. Det må også lagast tak over dei inngangspartia ved heimen som dei pårørande nyttar.
24. Det må setjast av midlar til trafikktryggleikstiltak som er tilpassa dei fylkeskommunale tilskotsmidlane som ein søker om i februar.
25. Ny traktor til idrettsparken. Kr 135.000,- i innbyte for den gamle. Kjøp av ny frå Helse Bergen (eitt år gamal, men ubrukt) kr 330.000,-. Treng kr 195.000,- som kan delast mellom kommune og AIL.
26. Som ein del av kommunen sine sparetiltak vil kommandirektøren fjerna ein helsesekretær på legekantoret. Med fem legar, fire årsverk, verkar dette å vera ei dårleg løysing.
27. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.
28. Det må investerast i robotgrasklypparar til parkane ved kommunehuset og

Nordliheimen.

29. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
30. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-sykkelistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil, kr 25.000,-.
31. Felles julefeiring for flyktningar frå Ukraina i Nordhordland på Fjon Fjellkyrkje i regi av Masfjorden sokneråd. Kr. 7.000,-.
32. Julegåveaksjonen 2022 kr 20.000,-.
33. Grus på bureisingsvegen, kr 30.000,- under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet.

Tiltak	Investering	Drift
2. Naust og parkering Baløy (sjølvfinansierande)	1.500.000,-	
3. Asfaltering Ervik, Bergsvik, Njøta	750.000,-	
4. Kantslått		400.000,-
8. Sal av regulert tomt i Kalandsfeltet	-2.000.000,-	
11. Nye glas Nordliheimen	100 000,-	
12. Golvbelegg Nordliheimen	300.000,-	
13. Flytebryggje Årvika	150.000,-	
14. Toalett Solesjøen		200.000,-
19. Riving Rockeklubb	50.000,-	
23. Røykjeskur Nordliheimen og lette tak over inngangsparti	100.000,-	
24. Tiltak for trafikktryggleik	200.000,-	300.000,-
25. Traktor til idrettsparken	100.000,-	
26. Helsesekretær		400.000,-
27. ROP, sjå eigen finansieringsplan		
28. Rotorgrasklyppar	200.000,-	
30. Team Rynkeby Vestland		25.000,-
Totalt	1.450.000,-	1.325.000,-

Julefeiring for flyktningar, julegåveaksjonen og grus må først på årets driftsrekneskap, kr 57.000,-.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram ei liste frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre med tilleggspunkt til budsjettet, nokre tiltak og nokre verbalpunkt, og med eit par punkt som gjeld utgifter i 2022. Lerøy presiserte at dette ikkje var til vedtak i dette møtet, men eit innspel fram mot budsjetthandsaminga i kommunestyret i desember.

- Ordførar Lerøy gjekk gjennom lista, punkt for punkt (lista ligg inne som eit tilleggsframlegg).
- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes ba om at ein såg dette opp mot at det var inndekking for tiltaka, kva som var rett plassert av drift og investeringar, og at innkjøp må vera etter kva som ligg for offentlege anskaffingar.
- Morten Sognnes (H) spurte om kva som er grensa for når noko må ut på offentlig anskaffingar, og fekk til svar frå kommunedirektøren at grensa er 100.000 kroner.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at ein tar med seg innspelet frå RMNF om å gjera utbetringar på Austrheim arbeidssenter, det vert for lenge å venta til ein eventuell ny Nordliheim.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at for turstiar må ein få grusa stien i Hoplandsmarka og få fart i arbeidet med tursti i samband med idrettsparken, og Inger Lise Brekke (H) støtta at ein hentar fram igjen planane om sti rundt idrettsparken.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om "Flytt til"-punktet at dette kan løysast enklare ved å kjøpa domenet og lenka det inn til kommunen si eiga heimeside, og fekk støtte frå Inger Lise Brekke (H) og Per Lerøy (Ap), om at dette må løyast på rimelegaste og beste måte.

Formannskapet var samde om å gje kommunedirektøren ryggdekning for å støtta julegåveaksjonen 2022.

Etter diskusjon i formannskapet var det semje om at formannskapet samt Jan Erik Espelid frå

Bygdelista skal samlast tysdag 13. desember og laga ei felles prioriteringsliste til nye tiltak, med lista frå Ap/Høgre og dei andre partia. Bakgrunnen er at tertialrapporten for 3. kvartal skal vera klar den dagen. Ordførar kallar inn.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 120/22 - 05.12.2022 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Investeringsbudsjettet for 2023 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 12 millionar kroner i lån i 2023.
3. Det vart teke opp 18,2 millionar kroner i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar som (ROP-bustader, digitalisering, elbilar/elbil-ladarar, skuleutbygging og nytt Helse- og omsorgstun).
4. Midlar som var avsett til omsorgsbustader på Kaland i førre økonomiplanperiode vert omdisponert slik at desse midlane vert nytta til finansiering av ROP-bustader.
5. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
 - e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
 - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
7. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
8. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering I kommunen vart gjennomført I 2018 og

2019.

9. Det vert gjeve ei ramme på kr 868 000,- til kontrollutvalet.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på kr 3 470 000,-
11. Det vert sett av 100 000,- kroner til dekking av Austrheim sokn sine kostnader med kremasjon av døde med heimeadresse i Austrheim.
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2023. Stortinget sin lønnskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
15. Frå 01.01 2023 vil Austrheim kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr (vatn og kloakk)

Kundane skal kunne velgje mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
 - Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
 - Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
 - Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år
16. «Gebyr- og betalingssatsar 2023» vert vedtekne slik dei ligg føre.
 17. Det vert oppretta tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar sine bygg på kr 100 000,- Det vert utarbeidd egne retningslinjer for tildeling. Finansiering gjennom auka skatteanslag.
 18. Landbruksfagrådet får tildelt kr 100 000,-. Finansiering gjennom auka skatteanslag. Det skal også i 2023 utarbeidast nye retningslinjer og mandat for landbrukdsfagrådet. Saka skal leggjast fram før ny kommunestyreperiode.
 19. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå eldreråd og administrasjonen til å sjå nærare på:
 1. Tilpassing av bustader for eldre, det kan vera tilskot til tilrettelegging, råd om korleis ein kan få rimelege lån i Husbanken, og anna rådgjeving.
 2. Tilrettelegging av det sosiale ved å bu heime, med tilbod om å treffa andre slik at ein unngår einsemd.
 20. Kommunedirektøren tek øvrige høyringsinnspel med i det vidare arbeidet med handlings- og økonomiplanperioden 2023-2026.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Budsjettforslag fra Bygdelista foreslått av: Renee Hansen Semmingsen

Budsjett 2023

Bygdelista i Austrheim sine prioriteringar:

1. Kr. 500 000 til opprusting av dagens arbeidssenter.
2. Kr. 500 000 til opprusting av turstiar med prioritert Hoplandsmarka og Øksnesmarka.
3. Reinhold på Nordliheimen skal framleis liggja under Nordliheimen sitt budsjett.
4. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett.
5. 100% miljøretteiarstilling, med krav om minimum bachelorgrad i grunnskulen.

Inndekking: Kr. 5,2 millionar frå Havbruksfondet.

Framlegg frå Senterpartiet foreslått av: Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn

1. Austrheim Senterparti ynskjer at kaiar med køyreforbod vert skilta.
2. Det vert oppretta eit næringsfond der næringsdrivande i kommunen kan søkja om midlar.
3. Talet på stillingsheimlar i Kystbarnehagen vert oppretthalde slik som det er i dag.
4. Vedtak om makstemperatur på 20 grader i kommunale bygg vert endra til minimum 20 grader.

Dekning for framlegga vert henta frå Havbruksfondet/auka ramme for skatteinngang.

Framlegg frå Senterpartiet foreslått av: Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn

5. Det vert arbeida med ei pendlarrute Austrheim - Sløvåg/Skipavik. På denne måten kan ein arbiede i Gulen/Masfjorden og bu i Austrheim.

Felles budsjettforslag frå dei politiske partia i Austrheim foreslått av: Per Lerøy

Felles budsjettforslag frå dei politiske partia i Austrheim.

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-.
2. Vegar: Opprusting av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-.
3. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. Kr: 200 000,-.
4. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-.
5. Ny flytebrygge i Årvika i samarbeid med Fønnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-.
6. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-.
7. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.

Drift

1. Sosialstønaden til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember 2022 og ut 2023.
2. Den årlege driftsstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,-.
3. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-syklistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil. Kr: 25.000,-.
4. Grus på bureisingsvegen under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet i tråd med søknad. Kr: 30.000,-.

Verbalpunkt

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både

fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.

2. Tilsetting av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.
3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Den ferdigregulerte bustadtomta i Kalandsfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueiningar).
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?
9. DSB peikar på at tre av fire som døyr i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.
10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.
11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.
12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.
13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.
14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
16. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablera sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjord. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond
21. Bemanning Kystbarnehagen
22. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
23. Det vert jobba med å etablera ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika

Tilleggspunkt på drift og investering, og verbalpunkt som skal leggest inn i handlingsprogrammet for økonomiplanperioden. foreslått av:

Tilleggspunkt vedtekne av kommunestyret:

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
2. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
3. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Ervikane. Kr: 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
4. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. netto kr: 200 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
5. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
6. Ny flytebryggje i Årvika i samarbeid med Fønnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
7. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
8. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.

Drift

1. Den årlege driftsstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,- (årleg) - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023.
2. Sosialstønaden til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember i 2022 og ut 2023. - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023, eventuelt i ei anna form.

Verbalpunkt (blir lagt til i handlingsdelen av budsjettet)

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Tilsetting av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.
3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Den ferdigregulerte bustadtomta i Kalandsfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueingar).
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansestasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.

8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset, i 2023. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?
9. DSB peikar på at tre av fire som dør i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.
10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.
11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.
12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.
13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.
14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
16. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablera sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjorden. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond
21. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
22. Det vert jobba med å etablera ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika.
23. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om budsjettframlegget, jamfør saksutgreiinga.

- Om verbalpunkta som H/Ap hadde i formannskapet, ba kommunedirektøren om at ein ikkje gjorde driftstiltak utan inndecking, men at investeringar kan lånefinansierast.
- Om det vert gjort vedtak som gjev driftsutgifter utan inndecking, vil statsforvaltar senda dette budsjettet i retur til kommunestyret.

Ut frå denne inndelinga er det:

- OK for kjøp av plentraktor saman med Austrheim IL.
- OK for bygging av naust i Baløy.
- OK for oppgradering av vegar, men det må vera meir enn berre asfalt for å vera investering og ikkje, må evt. ta med nye stikkrenner og anna.
- For tiltak Nordliheimen, om ein tar solskjerming og anna for å løfta kvaliteten så er det meir enn berre driftsutgifter, å berre bytta glas er driftsutgifter.
- Ser på ventilasjonsanlegg Nordliheimen, toalett Solesjøen og flytebrygge i Årvikane som investeringar.
- Andre ting frå verballista er rekna som driftsutgifter.

Kjem ny sak til kommunestyret om ventilasjonsanlegget på kommunehuset, ein må gjera noko med dette, og med betre tilrettelegging på Servicekontoret. På desse punkta treng ein betre tal for administrasjonen kjem til kommunestyret med saker.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Dommersnes viste særleg til at det frå regjeringa er rekna mykje mindre prisvekst i 2023 enn det som er reelt, noko som vil gje negativt utslag på kommuneøkonomien.

Ordfører Per Lerøy (Ap) la fram fellesframlegg frå dei politiske partia, som dei har jobba fram saman.

- Har tatt med seg tilbakemeldinga om å sjå nøye på kva som er drift, og kva som er investeringar.
- Lerøy la fram «Felles budsjettforslag frå dei politiske partia i Austrheim».
- Punkt 9 vart tatt ut, etter dei faglege råda som Knut T. Horvei frå Nav kom med i si orientering tidleg i møtet. (Punktet som vart tatt ut er slik: «Sosialstønaden til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember i 2022 og ut 2023.»)
- Om verbalpunkt 18 om sommarjobb for unge sa Lerøy at han ikkje forstår kvifor ikkje kommunen klarte dette i 2022, Nav Fensfjorden var klare og hadde midlar til å støtta tiltaket.

Varaordfører Inger Lise Brekke (H) sa om budsjettet:

- Håpar ein kan fullføra planlagde ting slik at ein slepp å følgja opp like mykje
- Må jobba med flyktingane, slik at om dei skal bli verande i Norge så er det i Austrheim det blir.
- Nei til å støtta Team Rynkeby.

Renee Semmingsen (Bygdelista) sa om budsjettet:

- Samd med Brekke om å ikkje støtta Team Rynkeby.
- Kommunen må satsa på Mot, kanskje ikkje neste år men seinare.
- Semmingsen la fram Bygdelista sitt framlegg til budsjett.
- Arbeidssenteret er viktig, desse er ikkje dei som ropar høgast.
- Betre turstiar gjev meir bruk, bra for folkehelsa. Dette punktet vil ha lågare kostnader enn anslått, sidan noko alt ligg inne.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) la fram sitt budsjettframlegg.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa om fellesframlegget presentert av ordføreren at punktet om Kunsthuset må opp som ei større sak. Austrheim sa om VA-utbygging til Førland at ho ikkje ser at dette er vedteke av kommunestyret. Det var oppe 16. juni 2022, men vart utsett.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at Kunsthuset må komma tilbake til kommunestyret som ei større sak, men dette er eit vedtak som er ei føring for kommunedirektøren.

Lerøy sa vidare at vedtaket frå kommunestyret om vatn til Førland er fleire år gammalt. Når det no kom prognose på prisen vart det lagt opp ril å leggja leidningane i vegskuldra på fylkesvegen, noko som er den dyraste løysinga. Må laga ein oppdatert VA-plan der ein ser etter rimelegaste moglege løysing også til Førland. Er mange flotte myrer å grava i, så dette kan verta langt rimelegare. Kan heller sjå om ein reduserer kapasitet og bygger leidning utan brannvatn og tilrettelegging for ringvassleidning. Ein kan forsyna 10-12 hus med ein 4-toms leidning.

Inger Lise Brekke (H) sa om stillingar ved Kystbarnehagen er at ein ikkje kan kompensera for høgt sjukefråvær med fleire stillingar. Sjukefråvær må ein rekna med går ned. Brekke ville heller støtta Bygdelista sitt framlegg å ha satsa på miljøarbeidar.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om:

- Straumforsyning til Kaland skule, kva er status.
- Kva med å leggja midlar frå fattige barn over til kultur og idrett, for dei som ikkje kan delta i fritidsaktivitet på linje med andre, som støtte til lågare kontingentar eller andre tiltak.
- Bygging av omsorgsbustader, kven skal driva desse?

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at:

- Støttar framlegget til Bygdelista om Arbeidssenteret, denne gruppa fortener dette, det går for lang tid å venta på ny sjukeheim og ei eventuell flytting til Nordliheimen.
- Tursti Austrheim idrettspark, her ligg det teikningar klare. 600 meter er alt klar som stien frå hallen og ned i Vikane. Dette er ein turveg som vil verta veldig mykje brukt. Kan ta kontakt med idrettslaget, og jobba vidare med dei planane ein har
- Støttar Sp sitt framlegg om eit næringsfond, som kan ha ei betydning for folk som bur i Austrheim.
- Støttar punktet om pendlarrute.
- Verbalpunktet kan leggest ved budsjettet og gje kommunedirektøren stram beskjed om å følgja opp, er usikker på om det skal vera så mange verbalpunkt i sjølve budsjettvedtaket.

Monika Thorpe (Ap) sa at;

- Det er diskusjonar om å auka tilflyttinga. Rekruttering er eit viktig felt, i helse slit ein med å få tak i folk med kompetanse.
- Må satsa på tilflytting og rekruttering, har ikkje råd til å sjå på at nabokommunane stikk av med ressursar som me har bruk for.
- Samd med Øksnes om at midlar til fattige barn kan brukast inn mot idrett/aktivitetskort eller ei BUA-ordning som me har snakka om fleire gonger.

Ordførar Per Lerøy (Ap):

- Lerøy sa om arbeidssenteret at han forventar at kommunedirektøren heldt bygga i ein stand som er trygge å vera i.
- Må vera forsiktige med å bruka mykje midlar på bygg ein er usikre på. Nordliheimen er me sikre på at me skal bruka, Arbeidssenteret skal me kanskje selja? Bygget er frå 60-talet, og er usikker på om det er forsvarleg å bruka mykje midlar på dette bygget.
- Om Reidar sitt framlegg om 150.000 til tiltak for barn og unge, det høyrst bra ut, usikker på om det er dette er riktig sum med tanke på kor mange som fell under denne kategorien.
- Kaland skule, der reknar ein med at energiforbruket skal ned, og då reknar ein med at strauminntaket per i dag er tilstrekkeleg.
- Kan vedta at me vil ha eit næringsfond og starta med å putta midlar i det, og så laga betre kriteria enn i dag, det er rundt tjue år gamle retningslinjer ein har per no.
- Har jobba for å få to ferjer på Fensfjorden i mange år, både Gulen og Austrheim kommunar har jobba for dette. Elles må ein jobba for at bussrutene skal korrespondera betre enn i dag.
- Elektrifisering av Troll-feltet vil styrka el-kapasiteten i vår region. Troll Vind vil gje ti gongar meir produksjon enn Hywind Tampen, og vil i tillegg til elektrifisering av Troll-feltet gje stor kapasitet av straum i vår region. Meir industri vil gje behov for pendlarrute til Sløvåg.
- Trur det vert eit tøft år, men spennande. Mange prosjekt godt i gang, skule og VA, må berre jobba for å få dette i hamn på ein god måte.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje heilt er inndekking for tiltaka, kor mykje som er att av havbruksfondet veit ein ikkje før årsrekneskapen er klar på våren 2023.

- Fjellhaug sa at ein må justera bemanning etter behov, som i skule, og ha kompetansen der den trengs.
- Ba om at dersom ein skal inn på desse tiltaka så må ein visa inndekking. Investering kan ein ta med låneoptak, medan drift må visast kvar det skal hentast, alternativet er at kommunedirektøren må henta inn frå alle einingane rundt om etter ostehøvel-prinsippet.
- For bygging av naust på Baløy må dette skje etter reglane om offentlege anskaffingar
- Kan ta verbalpunkta med seg som ei føring i handlingsplanen, men ikkje i budsjettvedtaket sidan det ikkje er inndekking for desse tiltaka.

Inger Lise Brekke (H) sa:

- Om pendlarrute over Fensfjorden at ein må ha trykk på Skyss og andre, men også ta kontakt med dei private bedriftene som skal ha denne arbeidskrafta. Dei bør stilla med buss slik at folk kan kjøra til Leirvåg kai og ikkje ta bilen med seg over fjorden.
- Greitt å bruka midlar til frivillige, men kvar er pengane. Ikkje rusha dette, men sjå kva som er behovet og deretter laga eit tilbod.

Morten Sognnes (H) sa:

- Kan endra verbalpunkt 8 til at AKE kan gå i dialog med kunsthuset og kommunedirektøren kan jobba vidare med saka.
- Må vera sikker på traktoren ein kjøper har rett utstyr.
- Om Ervikvegen, ba om at kommunen stiller grus, så kan kailaget og andre ta planering på dugnad for å få dette til. Denne veggen er ei tilrettelegging for båtar og bubilar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa:

- Traktoren har det utstyret som trengs.
- Kommunedirektøren kan få i oppdrag å finna ei varig løysing for kunsthuset.

Helge Dyrkolbotn (KrF):

- Må sjå på kva som er investering og drift med tanke på kva som er standardheving av Arbeidssenteret.
- Ba om gruppeleiar møte.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om arbeidssenteret at heile huset nok treng ei oppgradering, er

det maling så er det drift, det må vera ei standardheving for at det skal vera investering.

Reidar Øksnes (Sp):

- Må vera konkrete på at i 2023 vil kommunen avhenda kunsthuset.
- Dei der brakkgreiene på baksida av kunsthuset, der har kommune ei dårleg sak, det skulle vore fjerna for ein mannsalder sidan. Vil kosta noko å fjerna det.
- Om tilskot til aktivitet, har ein ikkje pengar så er det ikkje noko å fordela.
- Er det einaste midlane me har, å redusera midlar til fond?
- Kommunen må sjå på elektrifisering der det er mogleg.

Aslak Bakke (H):

- Kunsthuset, kanskje dei kan få flytta aktiviteten til eit meir eigna lokale.
- Må sjå på bygging av mindre leilegheiter, kan vera aktuelt for både eldre og unge.
- Pendling over Fensfjorden, det er allereie firma som brukar minibuss til å henta tilsette i Sløvågen som reiser gratis over med ferja.
- Dette med næringsfondet har me diskutert tidlegare. Er me gode nok til å vurdera kva bedrifter som skal ha støtte? Er andre ordningar ein kan søka på, sjå dette opp mot det som Industriutvikling Vest og Klar Bedrift har av ordningar der ein kan søka om statlege midlar. I tillegg til bør kommunen ha si eiga ordning.

Renee Semmingsen (Bygdelista):

- Balkongen på Arbeidssenteret kan ikkje brukast, for den kan ein falla igjennom. Det er lekkasjar i taket. For meg høyrst dette ut som investeringar som me må ta. Kanskje er det også andre bygg som er meir eigna og som er tilgjengeleg. Synest me bør finna midlar til dette, anten det blir slik eller slik.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes:

- Viktig å ha klart for seg at det er eit nullbudsjett for 2023.
- Kommunestyret kan ikkje pålegga AKE å gjera noko, det er berre generalforsamlinga som kan, og det er formannskapet.
- Må ha inndekking for driftsutgifter i vedtak om budsjett.
- Skal ein starta pendlarrute må det søkast om ruteløyve, dette er lovregulert.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om Havbruksfondet, der det kom 4 millionar meir enn budsjettet.

Dyrkolbotn fekk stadfesta at det hadde vore 4 millionar mindre å setta av til disposisjonsfondet utan dette.

Aslak Bakke (H):

- Når det gjeld «Flytt til», må sjå på kvar folk skal bu i kommunen.
- Ser at det er mange pengeønsker her og der, synest ein må vri debatten over på kvar kan me skapa noko meir. Kven har kreative framlegg til å få vekst.

Reidar Øksnes (Sp):

- Må sjå på om er det sannsynleg at me klarer å bruka alt som er sett av til investering i VA og skular, eller kan noko av finansieringa til dei ekstra investeringane hentast der.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara Øksnes:

- Om ein skal vedtak budsjettet til kommunedirektøren i sin heilskap så er det i balanse. Gjer kommunestyret endringar i driftsbudsjettet og legg inn ein halv million, så må kommunestyret visa kvar ein hentar midlane. Veit ikkje før rekneskapen vert avslutta til våren om det er noko midlar att, kan ikkje forskottera no at det er midlar att.
- Når det gjeld investeringar, så kan ein anten budsjettera ned eller seia at investeringsbudsjettet skal aukast tilsvarande ekstra prosjekt, og finansiera dette med lån.

Ordførar Per Lerøy (Ap):

- Kan vedta kommunedirektørens framlegg, om ein påfører utgifter utover dette så må ein finna inndekking.
- Kommunestyret har sagt at det ein skal vera ansvarlege, men ønsker å gjera litt meir, og økonomisjefen har sagt at det er mogleg å gjera ting på investering.

Aslak Bakke (H) spurte om statistikk for sjukemeldingar, er det sett av midlar i 2023 til arbeid med nærvær og fråvær? Her svara kommunedirektør Fjellhaug at det vert jobba kontinuerleg med nærvær.

Kommunedirektør Fjellhaug presiserte at eigeidomsselskapet eig Austrheim Arbeidssenter, slik at kommunestyret ikkje kan pålegga dei noko, det er det generalforsamlinga som må gjera.

Aslak Bakke (H): sa om fråvær og nærvær at dersom ein får ned fråværet vil avdelingane få ein lettare

kvardag, og kan få ned bruken av vikarar. Det vert midlar tilgjengeleg om me får ned sjukefråværet nokre prosentar

Morten Sognnes (H) ba om at det vart sett av midlar til Ervikvegen, må investera der. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det kan leggest inn ein halv million i investeringsmidlar. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at Ervikvegen bør komma inn som eit nytt punkt 3. Reidar Ulvøy (Ap) sa at ein bør slå dei tre vegutbetringane saman, og sjå kva tilbod ein kan få på dette frå entreprenørar.

Om auka løyvingar til drift:

- Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at kommunestyret kan formulera det slik at ein tar saka opp igjen når rekneskapan for 2022 er ferdig, og bruka av mindreforbruk i 2022.
- Per Lerøy (Ap) sa at ein kan overføra mindre til disposisjonsfond. mindre.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein bør venta med dette til ein får årsresultatet, dette er klart i juni. Det er også risiko i budsjettet sidan det ikkje er lagt inn noko overskot.
- Om støtte til Furuly sa ordførar Lerøy (Ap) at ein har brukt å betala ut 100.000 på våren og hausten, så det er OK å venta til våren.
- Kommunedirektør Fjellhaug sa at han ikkje kan lova at alle verbalpunkta i handlingsplanen vert gjennomførte i 2023, men dei skal leggest inn i handlingsplanen for fireårsperioden.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at vedtaket i kommunestyret om temperaturstyring. Det heiter det maksimum 20 grader og ikkje minimum 20 grader, og det er ein stor forskjell.
- Kommunedirektør Fjellhaug sa om straum at den største utfordringa er at styringa ikkje fungerer.
- Om reinhald Nordliheimen sa Fjellhaug at det må organiserast for å gje det beste reinhaldet for Nordliheimen, med best kompetanse.
- Renee Semmingsen (Bygdelista) sa om SOR-kurs at det skal vera tilbod til pårørende for nedsett funksjonsevne. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at SOR-kurset er bra, og bør finnast rom for innan det som er budsjettert til denne eininga. Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det kan endrast til at det skal prioriterast innanfor budsjettet.

Votering for budsjettet:

Verbalpunktet om naust i Baløy, her vart Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) kjent ugilde av resten av kommunestyret. Sistnemnde leiger ut naust til Bergen Turlag, og har såleis interesse av at kommunen ikkje bygger eige naust for utleige. Helge er far til Bjørn Inge, og er ugild på grunn av slektskapet.

Kommunestyret røysta over kommunedirektørens framlegg til budsjett.

Dette vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret røysta over felles budsjettforslag frå dei politiske partia i Austrheim:

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)

Samrøystes vedteke

2. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-. (Finansiert med auka låneopptak) **Samrøystes vedteke**

3. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Ervikane. Kr: 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)

Vedteke med 14 mot 3 røyster. Dei som røysta mot var Helge Dyrkolbotn (KrF), Anne Dahle Austrheim (KrF) og Renee Semmingsen (Bygdelista).

4. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. netto kr: 200 000,-. (Finansiert med auka låneopptak) **Samrøystes vedteke**

5. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak) **Vedteke med 15 røyster,** to ugilde, Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp).

6. Ny flytebryggje i Årvika i samarbeid med Fonnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-. (Finansiert med auka låneopptak) **Samrøystes vedteke**

7. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-. (Finansiert med auka låneopptak) **Samrøystes vedteke**

8. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært

pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023. **Samrøystes vedteke**

Drift

9. Den årlege driftsstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,- (årleg) - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023. **Samrøystes vedteke**

10. Sosialstønad til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember i 2022 og ut 2023. - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023, eventuelt i ei anna form. **Samrøystes vedteke**

11. Støtte til Team Rynkeby Vestland. To Austrheim-syklistar til Paris i 2023. Logo på drakter og følgjebil. Kr: 25.000,-. **Fall**, fekk ikkje støtte i kommunestyret.

12. Grus på bureisingsvegen under føresetnad av at brukarane utfører arbeidet i tråd med søknad. Kr: 30.000,-. (tatt ut av vedtaket, kommunedirektøren ser på inndekking i 2022).

Verbalpunkt (blir lagt til i handlingsdelen av budsjettet) **Samrøystes vedteke**

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.

2. Tilsetting av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.

3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.

4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.

5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandsfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.

6. Den ferdigregulerte bustadtomma i Kalandsfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueiningar).

7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansetasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.

8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset, i 2023. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?

9. DSB peikar på at tre av fire som døyr i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsle eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.

10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.

11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.

12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.

13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.

14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.

15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.

16. Nytt venterom med offentlig toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablere sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjorden. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond
21. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
22. Det vert jobba med å etablere ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika.

Bygdelista sitt framlegg til budsjett 2023:

1. Kr. 500 000 til opprusting av dagens arbeidssenter. **Går ut, må oppfordra eigar AKE til å halda bygget i forsvarleg stand**
2. Kr. 500 000 til opprusting av turstiar med prioritert Hoplandsmarka og Øksnesmarka. **Går ut, er sett av 450.000 til turstiar og det var OK for Bygdelista**
3. Reinhold på Nordliheimen skal framleis liggja under Nordliheimen sitt budsjett. **Dette framlegget fall med 13 mot 4 røyster** (dei som røysta for var Renee Semmingsen (Bygdelista), Monika Thorpe (Ap), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), og Gro Kaland (Sp).
4. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett. **Samrøystes vedteke.**
5. 100% miljøretteljarstilling, med krav om minimum bachelorgrad i grunnskulen. **Var allereie lagt inn frå kommunedirektøren.**

Deretter gjorde kommunestyret eit samla vedtak, der dei vedtok kommunedirektørens framlegg med dei tillegg som ligg til vedtaksprotokollen.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektørens framlegg til budsjett vart samrøystes vedteke, med kommunedirektørens vedtak, dei tillegg som er gitt i vedtaksprotokollen, og eit samla vedtak deretter for kommunedirektørens framlegg og tillegg.

KS - 093/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Investeringsbudsjettet for 2023 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 12 millionar kroner i lån i 2023.
3. Det vart teke opp 18,2 millionar kroner i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar som (ROP-bustader, digitalisering, elbilar/elbil-ladarar, skuleutbygging og nytt Helse- og omsorgstun).
4. Midlar som var avsett til omsorgsbustader på Kaland i førre økonomiplanperiode vert omdisponert slik at desse midlane vert nytta til finansiering av ROP-bustader.
5. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
 - e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
 - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
7. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å ”fryse” budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

8. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering I kommunen vart gjennomført I 2018 og 2019.
9. Det vert gjeve ei ramme på kr 868 000,- til kontrollutvalet.
10. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på kr 3 470 000,-
11. Det vert sett av 100 000,- kroner til dekking av Austrheim sokn sine kostnader med kremasjon av døde med heimeadresse i Austrheim.
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2023. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
15. Frå 01.01 2023 vil Austrheim kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr (vatn og kloakk)

Kundane skal kunne velgje mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
- Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
- Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
- Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år

16. «Gebyr- og betalingssatsar 2023» vert vedtekne slik dei ligg føre.
17. Det vert oppretta tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar sine bygg på kr 100 000,- Det vert utarbeidd egne retningslinjer for tildeling. Finansiering gjennom auka skatteanslag.
18. Landbruksfagrådet får tildelt kr 100 000,-. Finsansiering gjennom auka skatteanslag. Det skal også i 2023 utarbeidast nye retningslinjer og mandat for landbruksfagrådet. Saka skal leggjast fram før ny kommunestyreperiode.
19. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå eldreråd og administrasjonen til å sjå nærare på:
 1. Tilpassing av bustader for eldre, det kan vera tilskot til tilrettelegging, råd om korleis ein kan få rimelege lån i Husbanken, og anna rådgjeving.
 2. Tilrettelegging av det sosiale ved å bu heime, med tilbod om å treffa andre slik at ein unngår einsemd.
20. Kommunedirektøren tek øvrige høyringsinnspel med i det vidare arbeidet med handlings- og økonomiplanperioden 2023-2026.

Tilleggspunkt vedtekne av kommunestyret:

Investering

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
2. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Bergsvik og på Utkilen. Kr: 1 000 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
3. Vegar: Oppgradering av kommunal veg i Ervikane. Kr: 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
4. Idrettsanlegg: Kjøp av ny traktor til idrettsparken. netto kr: 200 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
5. Baløy: Nytt naust for utleige til BHT og etablering av parkeringsplassar for båtlag, BHT og besøkjande. Avtalar om utleige og avgift for båtplassar må på plass før prosjektet vert starta. Kr: 1 500 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
6. Ny flytebryggje i Årvika i samarbeid med Fønnes bygdelag og BOF. Kr: 150 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
7. Toalett ved Solesjøen i samarbeid med Solesjøen grunneigarlag og kanskje BOF. Kr: 300 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)
8. Alle løyva for bygging av ROP-bustadar er no på plass. I Austrheim kommune er det ein svært pressa bustadmarknad. Kommunen må av den grunn starta prosjektet med dei tre ROP-bustadane alt i første kvartal 2023.

Drift

1. Den årlege driftsstøtta til Furuli vert vidareført i 2023 og 2024. Kr: 200 000,- (årleg) - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023.
2. Sosialstønaden til born som får slik stønad i Austrheim kommune, vert auka med kr 500,- i månaden frå desember i 2022 og ut 2023. - Utsett til ny handsaming under revidert budsjett 2023, eventuelt i ei anna form.

Verbalpunkt (blir lagt til i handlingsdelen av budsjettet)

1. Pandemien har ført til eit stort fråfall i lag og organisasjonar og mange unge slit no med den psykiske helsa. I ein slik ekstremisituasjon må kommunen gjera alt som står i kommunen si makt for å halda idrettsanlegg og andre møteplassar opne og tilgjengelege for frivillige lag og organisasjonar. Dette vil vera eit svært viktig bidrag for å betra folkehelsa i kommunen både fysisk og psykisk. Symjehallen har dei siste åra vore stengt i lange periodar. Dette skuldast både pandemien og planlagde og ikkje planlagde vedlikehaldsoppdrag. Når det gjeld ombyggings- og vedlikehaldsaktivitetane så har desse alltid teke mykje lengre tid enn planlagt og det er heilt uakseptabelt. Det har gått sterkt ut over aktivitetane i symjehallen og har ramma både symjeklubben, skuleelevane i kommunen og borna i Kaland barnehage.
2. Tilsetjing av miljøarbeidar ved Årås skule må prioriterast.
3. Det skal gjennomførast kantslått også neste år på alle dei kommunale vegane. I tillegg må gras og anna som veks inn i dei kommunale vegane, skrapast vekk. Begge desse tiltaka er viktige trafikktryggleikstiltak. Når det gjeld skrapinga av vegane, skal dette gjerast med kommunale ressursar.
4. Avtalen med Mastrevik Eiendomsselskap AS må på plass både for flytebryggje, kommunekai og havsportsenteret. Her må det setjast av midlar til reparasjonar på flytebryggja og toaletta på havsportsenteret. Dette arbeidet må vera slutført i god tid før sommarsesongen.
5. Ordførar får i oppdrag å gå i drøftingar med aktuelle private utbyggjarar av eldrebustadar på den kommunale tomten i Kalandfeltet. Husbanken må trekkjast med i planarbeidet.
6. Den ferdigregulerte bustadtomta i Kalandfeltet skal seljast i 2023. (6 – 8 bueingar).
7. Kommunen må snarast ta initiativ til eit møte med Helse Bergen for å få fart på arbeidet med ny ambulansetasjon i Austrheim. Her kan AKE AS eller kommunen stå som byggherre.
8. Kommunedirektøren finn ei varig løysing for kunsthuset, i 2023. Kan det byggjast mindre leilegheiter på tomten?
9. DSB peikar på at tre av fire som døyr i brann kjem frå ei risikoutsett gruppe – det er menneske som av ulike grunnar har større sannsyn for å forårsaka brann eller har avgrensa evne til å førebyggja, oppdaga, varsla eller sløkkja brann og redde seg sjølv. Kommunen bør i budsjettet

for 2023 setja av midlar til å hjelpa menneska i dei utsette gruppene med førebyggjande tiltak og informasjonsarbeid for å hindra alvorlege brannar. Dette må vera eit samarbeidsprosjekt mellom helse og velferd og brannførebyggjande avdeling i NHBR.

10. Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.
11. Motocrossbane ved idrettshallen må flyttast i samarbeid med Austrheim motorsport klubb og Austrheim idrettslag.
12. Lage/oppdatere planar for opparbeiding av uteområda ved skulane, vurdere både klatre-, skate- og sykkelpark.
13. Den prosjekterte universelt utforma turstien ved idrettsparken må inn i handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. K-sak 94/22 på dagens agenda.
14. VA planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.
15. «Flytt Til», det må vurderast om me skal etablera ei eiga nettside eller liknande for å trekkja til oss fleire innbyggjarar. Må koplast mot kommunevertar og liknande servicetiltak for folk som vurderer å flytta til kommunen.
16. Nytt venterom med offentleg toalett på Vardetangen i samarbeid med Bergen Hamn AS og Skyss.
17. Det må lagast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg, vegar og annan kommunal infrastruktur.
18. Etablera sommarjobbar for ungdom i samarbeid med NAV Fensfjorden. Målet må vera å gje arbeidstrening samt få utført ein del førefallande vedlikehaldsarbeid på kommunale eigedommar.
19. Kommunale kaiar med køyreforbod blir skilta
20. Næringsfond
21. Makstemperatur i kommunale bygg 20 grader vert endra til minimum 20 grader.
22. Det vert jobba med å etablera ei pendlarrute Austrheim – Sløvåg/Skipavika.
23. Midlar til SOR-kurs skal setjast av på Helse og velferd sitt budsjett.

094/22: Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2023.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2023.

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 151552	Rehabilitering av baneområde og bygningsmasse i idrettsparken	Fornyast
2 151551	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
3 156149	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
4 156168	Rongevær, rehabilitering av friluftsområdet	Ny søknad
5 155764	Sauøy, Båthus/padlehuk	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	

1	AUV, Ballbinge/aktivitetsflate	Ny søknad

Nytt punkt i ordinere anlegg

Universell utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2023.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2023.

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 151552	Rehabilitering av baneområde og bygningsmasse i idrettsparken	Fornyast
2 151551	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
3 156149	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
4	Universelt utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark	Ny søknad
5 156168	Rongevær, rehabilitering av friluftsområdet	Ny søknad
6 155764	Sauøy, Båthus/padlehuk	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	AUV, Ballbinge/aktivitetsflate	Ny søknad

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Universell turveg foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Nytt punkt i ordinere anlegg

Universell utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark

Fellesframlegg med kommunedirektørens framlegg til vedtak og innspel frå Helge Dyrkolbotn (KrF) foreslått av:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2023.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2023.

Prioritering/	Ordinære anlegg	
---------------	-----------------	--

søknadsnr		
1 151552	Rehabilitering av baneområde og bygningsmasse i idrettsparken	Fornyast
2 151551	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
3 156149	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
4	Universelt utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark	Ny søknad
5 156168	Rongevær, rehabilitering av friluftsområdet	Ny søknad
6 155764	Sauøy, Båthus/padlehuk	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	AUV, Ballbinge/aktivitetsflate	Ny søknad

Kommunalsjef Trine Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) hadde eige framlegg om ein universell utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark.

Denne vart lagt inn som eit nytt punkt 4 i vedtaket.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, men med Helge Dyrkolbotn (KrF) sitt framlegg som nytt punkt 4.

KS - 094/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2023.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2023.

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 151552	Rehabilitering av baneområde og bygningsmasse i idrettsparken	Fornyast
2 151551	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
3 156149	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
4	Universelt utforma turveg med utgangspunkt ved Austrheim Idrettspark	Ny søknad
5 156168	Rongevær, rehabilitering av friluftsområdet	Ny søknad
6 155764	Sauøy, Båthus/padlehuk	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1	AUV, Ballbinge/aktivitetsflate	Ny søknad

095/22: Høyringsvar selskapsorganisering av NGIR

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune har ingen merknader til ny selskapsstruktur av NGIR.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka.

Lerøy viste til vedtaket frå Fedje kommunestyre, dei hadde gjort slikt vedtak i denne saka: *"Vedtak om NGIR: Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS. Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette.*

Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra."

Kommunestyret i Austrheim støtta kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, ingen støtta ein tekst som den Fedje kommunestyre hadde vedtatt.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 095/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune har ingen merknader til ny selskapsstruktur av NGIR.

096/22: Rangering av søknadar om tilskot til inkludering av barn og unge 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune rangerer dei innkomne søknadane som sett opp under:

1. Austrheim motorsport club
2. Region Nordhordland IKS

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak foreslått av:

Austrheim kommune rangerer dei innkomne søknadane som sett opp under:

1. Austrheim motorsport club
2. Region Nordhordland IKS

Kommunalsjef Trine Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Reidar Øksnes (Sp) sa om Austrheim Motorsport at elektriske sykklar kan vera ei løysing som gjev mindre konflikt, kommunen kan komma med ei oppfordring til å gå over til elektriske motorsyklar.
- Per Lerøy (Ap) sa at dette var ein idé han støtta, dreiemomentet er dessutan mykje større på elsykkel enn dei med bensinmotor.
- Morten Sognnes (H) sa om motorcrossen at elektrifisering er på gang, får kjøpt elektriske sykklar alt i dag.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 096/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune rangerer dei innkomne søknadane som sett opp under:

1. Austrheim motorsport club
2. Region Nordhordland IKS

097/22: Busetting av flyktningar 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 20 flyktningar i 2023.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Trine Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Er realistisk å klara å busetja 20 flyktningar i 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 097/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 20 flyktningar i 2023.

098/22: Førebels rekneskap for 2022 basert på rekneskap for november månad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør sakspapira. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kraftvarmeverket frå Mongstad no er lagt ned, og at det medfører at det ikkje er gassgjennomstrøyming i gassleidningen frå Kollsnes til Mongstad.

- Det har komme brev frå Equinor om at selskapet ikkje vil betala skatt for røyret. Kommunen viser til at eigedomsskatten gjeld uavhengig av om eit hus eller eit anlegg er bebudd eller i bruk. Er installasjonen der, så skal det betalast eigedomsskatt. Å fråvika dette prinsippet, kan i neste omgang gje rettssaker for andre skatteobjekt.
- Equinor og Gassco har vore i retten med Karmøy kommune for å sleppa eigedomsskatt på eit gassrøyr der. Der tapte Equinor både i Tingretten og Lagmannsretten, og fekk ikkje saka si fram for Høgsterett.
- Denne saka er teke opp med nettverk for petroleumskommunar.
- For Austrheim vil tap av skatteinntekt for denne gassrøyrleidningen utgjera 89.000 kroner, for andre mykje meir.
- Må berre følgja regelverket til punkt og prikke.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 098/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

099/22: Permisjon frå kommunestyret ut valperioden - Marita Bru (Bygdelista)

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret innvilgar søknaden frå Marita Bru, og gjev fritak frå kommunestyret ut kommunestyreperioden. Jan Erik Espelid er fast representant ut perioden.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 099/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Kommunestyret innvilgar søknaden frå Marita Bru, og gjev fritak frå kommunestyret ut kommunestyreperioden. Jan Erik Espelid er fast representant ut perioden.

100/22: Uttale om U864

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret tek ekspertutvalet si utgreiing til vitande. Kommunestyret er nøgd med løysinga som utvalet er kome fram til, og håpar at mest mogleg av kvikksølvet kan takast opp.

Kommunestyret ventar at regjeringa følger opp med midlar til arbeidet i budsjettet for 2024.

Me ber om at det vert sett av ressursar til førebuande arbeid slik at alle anbudsdokumenta inkludert metodeforslag er klare når regjeringa løyver pengar til gjennomføring av prosjektet i 2024.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Ordførar sitt framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

KS - 100/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Kommunestyret tek ekspertutvalet si utgreiing til vitande. Kommunestyret er nøgd med løysinga som utvalet er kome fram til, og håpar at mest mogleg av kvikksølvet kan takast opp. Kommunestyret ventar at regjeringa følger opp med midlar til arbeidet i budsjettet for 2024.
Me ber om at det vert sett av ressursar til førebuande arbeid slik at alle anbudsdokumenta inkludert metodeforslag er klare når regjeringa løyver pengar til gjennomføring av prosjektet i 2024.

101/22: Interpellasjon frå Bygdelista

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren skal følgja opp saka, og komma tilbake til kommunestyret i første møte 2023.

15.12.2022 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Kommunedirektøren skal følgja opp saka, og komma tilbake til kommunestyret i første møte 2023.

Renee Semmingsen (Bygdelista), refererte interpellasjonen:

Interpellasjon til kommunestyremøtet 15.12.22 - Ulovleg deponi og massehandtering

- Bygdelista i Austrheim er kjent med at kommunen har under handsaming tre tilfelle av ulovlege tiltak utført av same entreprenør.
- Bygdelista bed om status for kommunen si oppfølging av:
 1. Ulovleg deponering av usortert avfall inkl. svartelista art i Dyrneskrysset
 2. Ulovleg massetak og utkøyring av masse i Heiane inkl. ulovleg anlegg av veg i Austrheimfeltet.
 3. Ulovleg massetak på kommunal eigedom i Leirvågkrysset.

Semmingsen sa vidare at ho sjølv ser at det dagleg går lastebilar med stein ut frå Heianefeltet, synest både dette og dei andre punkta er grove tilfelle, og ba om ei orientering om desse sakene.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte reglane for interpellasjonar, mellom anna at ordførar skal svara og at andre representantar kan ta ordet ein gong kvar, og at ordførar og interpellant kan ta ordet ein gong til. Det kan stillast framlegg om vedtak, men det er ikkje gjort i denne saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) svara på interpellasjonen:

1. Når det gjeld Dyrneskrysset er dette ein sak som har vore handsama administrativt tilbake i 2015 i saknr.127/15. Det vert då gjeve dispensasjon på vilkår frå KPA til utplanering av jordmassar og opparbeiding av landbruksareal i Austrheim kommune på gnr/bnr 156/1-18,20., 156/16,37 og 160/2, 124 på Dyrneset. Ca 287 000 m³ reine jordmassar skal fordelast i planeringsfelt her. Det omsøkte området er avsett som LNF-område i kommuneplanen. Tiltakshavar har frist til 01.05.2025 for å slutføra arbeidet med å tilbakeføra dette området til landbruksareal.

Kommunen oppdaga på ei synfaring sommaren 2022 at det var kome ein del plast og boss i lag med tilkøyrd jordmassar. Tilksette i kommunen ringte straks tiltakshavar og ga muntleg påbud om opprydding i dei deponerte jordmassane. Det vart også opplyst om at den svartlista plantearten parkslirekne var kome hit og at desse måtte takast vekk til eigna stad.

Konklusjon: Kommunen følgjer saka vidare opp.

2. Når det gjeld utkjøring av steinmassar frå landbruksområda på Heiane har kommunen fått tilbakemelding på at tiltakshavar kjører ut steinmassar her. Dette er i strid med løyve som er gjeve i saka i samband om bygging av landbruksveg. I løyvet frå Landbrukskontoret står det at det ikkje er tillate å frakte massar vekk frå området. Kommunen ringte tiltakshavar i haust, og sakshandsamar gav tiltakshavar eit muntleg påbud om å stoppe utkjøring av massar. Tiltakshavar har gitt beskjed om at dette ikkje skal førekome. Det er kome tilbakemeldingar etter dette om at det enno vert køyrd ut massar på staden.

Konklusjon: Kommunen vil følgje opp saka vidare med landbrukskontoret.

3. Ved Leirvågkrysset og på den kommunale eigedommen i vest her (Ikornsåta) er det sprengt og teke vekk steinmassar som kommunen er grunneigar av. Saka har fleire tema.

A. Det første temaet er offentleg-rettslege. Her må kommunen ta i vare sitt ansvar som forurensingsmynde og bygningsmynde etter forureiningslova og plan- og bygningslova. Her kan det vurderast fleire tiltak, herunder pålegg om tilbakeføring av landskapet med meir. Eller ein søknad/plan frå utbyggjar til kommunen om tilbakeføring av massar slik landskapet som er avsett til friområde vert tilbakeført om lag slik det var før uttak av stein her.

B. Det andre sporet er det privatrettslege. Det er teke ut steinmassar på kommunens eigedom. Det er eit spørsmål om kommunen skal søke erstatning frå tiltakshavar for den skade som er oppstått på kommunen sin eigedom. Det neste spørsmålet som reiser seg er om kommunen her skal vurderast å fremme eit krav om vinningsavståing frå tiltakshavar.

Saka har dratt ut i tid grunna låg kapasitet i ein lengre periode. Andre byggesaker har vorte prioritert.

Konklusjon: Kommunen vil følgje opp saka vidare og prioritera å løyse denne både privatrettsleg og offentlegrettsleg på ein fagleg rett måte. Kommunedirektøren vil snarast drøfta framdrifta i saka vidare med tilsette med kompetanse innan juss og plan.

Renee Semmingsen (Bygdelista) ba om at kommunen vurderer informasjonen, og at det er skriftleg kontakt og ikkje berre munnleg.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein kan be om at kommunedirektøren skal komma med vidare

oppfølging til neste møte.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at om det er så alvorleg deponering i punkt 1 burde det vore teke prøvar. Her svara ordførar Lerøy at det er sett at det er plastavfall i massane, og at det er parkslirekne som er ein svartelista art. Det er ikkje ureina massar i den forstand at det er kjemikaliar, men det er plast og parkslirekne.

Handsaming i kommunestyret:

Semje om at kommunedirektøren skal følgja opp saka, og komma tilbake til kommunestyret i første møte 2023.

KS - 101/22 - 15.12.2022 - Vedtak:

Kommunedirektøren skal følgja opp saka, og komma tilbake til kommunestyret i første møte 2023.
